



Gulen kyrkjelydsblad

Nr 1

Mars 2026

69. årgang



Marsstemning
Foto: Sølvi Randal

REDAKTØR: Kyrkjevevja

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik
Tlf. 970 44 591. is299@kyrkja.no

REDAKSJON: Anne Tveit

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik
482 28 353. annetveit46@gmail.com

KORREKTUR: Marit Sandal**BANKGIROKONTO: 3817 15 51282**

Merk med gåve til kyrkjelydsbladet.
VIPPS: 706144.

TRYKKERI:

ETN Grafisk, 3701 Skien

SOKNEPREST

Håkon Kinsarvik.

Tlf. 976 44 169. hk482@kyrkja.no

KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes

Tlf. 970 44 591. is299@kyrkja.no

Fri fredag.

KONTORSEKRETÆR:

Margrethe Skåden, Tlf. 481 20 586
ms859@kyrkja.no. Kontor tysdag og
torsdag.

TRUSOPPLÆRAR: Åse Haugen,

tlf. 482 50 014 ah346@kyrkja.no

Felles e-postadresse til kontoret:

post.gulen@kyrkja.no

ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,

5966 Eivindvik. Tlf. 909 84 617

pj847@kyrkja.no

GULEN KYRKJELEGE RÅD/**FELLESRÅD: Leiar:**

Bodil Bjørlo Takle, tlf. 481 74 449

bodil.bjorlo.takle@eninvest.net

KYRKJA SI HEIMESIDE:

www.kyrkja.no/gulen

FACEBOOK: *Kyrkja i Gulen.*

Redaksjonen

Lyset har overteke for mørket, og vinteren held på å misse taket. Eit like stort under kvart år!

Årsmeldinga frå Gulen kyrkjelege råd og fellesråd fyller ein stor del av bladet – det er gledeleg å lese om alt det positive som skjer rundt om i sokna våre.

Neste nummer kjem i juni, og frist for innsending av stoff er **10. mai**.

God påske til alle lesarane våre!



Foto: RR

«Du treng vel litt hjelp til det...?»

Orda var nok meinte godt, men i meg landa dei heilt feil.

- Eg treng ikkje hjelp til det.

- Og du skal i alle fall ikkje få definere mine behov.

Av og til må vi menneske få definere behova våre sjølve – ikkje få dei definerte av andre.

Dei siste veken har eg vore stolt over å kunne seie at eg kjenner godt til

Benjamin D e Midtb o fr  Gulen. Saman med andre ungdomar er han med i Team P lsa p  NRK – eit program der unge menneske med r rslevariasjonar blir utfordra p  eigne grenser. Der f r deltakarane nettopp lov til   uttrykkje sine eigne behov – utan at andre definerer dei for dei. *  klare sj lv* er noko mange av oss lærer tidleg. Og det ligg ein eigen verdi i nett det   klare sj lv. Klare   lage mat. Handle i butikken. G  p  bes k. G  turar ute. Kle seg og gjere det som trengst. Eg vil klare det sj lv. Ikkje la andre f  seie kva eg treng. Ikkje fordi eg er stolt eller vanskeleg, men fordi verdien ligg nett der – i   meistre.

«Kva vil du eg skal gjere for deg?»

spurde Jesus. Den blinde svara:

«Rabbuni, lat meg f  att synet!»

Mark 10,51

«Kva vil du eg skal gjere for deg?»

Det er sp rsm let Jesus stiller s  mange i evangelia. Ofte til menneske med heilt tydelege behov og utfordringar som alle kan sj . Likevel sp r han den blinde. Han tek ikkje over. Han f reset ikkje. Han sp r.

Det er ikkje berre eit sp rsm l om handling. Det er ei open d r.

Ei anerkjenning.

Kva vil du?

Kva treng du?

Det er noko den enkelte sj lv m  f  setje ord p . S  er det ope for den andre   svare p  behovet – p  bestillinga.

Kanskje er det nett dette Jesus utfordrar oss til n r han gong p  gong

stiller sp rsm let:   formulere v re eigne behov – for tryggleik, aksept og hjelp. Og s  er det ofte slik at han, gjennom andre menneske – med hender og hjarte – kjem oss i m te.

Og s  finst det tider der vi ikkje berre er den som treng   bli spurd. Vi er  g den som h yrer ropet fr  andre.

I fasteaksjonen har vi nettopp gjort det. Vi har lytta til menneske som har sett ord p  sitt behov: Hjelp oss   f  reint vatn!

Det er ikkje vi som har definert behovet. Det er dei som lever midt i det. Dei har sagt: Dette treng vi. Og s  f r vi svare.

I fastetida syng vi p  gudstenestene:

Sj , m rkret sigrar aldri over lyset.

M rkret kan vere mangelen p  vatn.

Mangelen p  tryggleik. Mangelen p    bli h yrd.

Lyset er n r eit menneske f r seie:

«Dette treng eg.» Lyset er n r nokon

svarar: «Dette kan eg bidra med.»

Slik sigrar ikkje m rkret.

For kvar gong eit behov f r ei stemme, og kvar gong ei hand strekkjer seg ut – d  bryt lyset fram.

Alt godt!

H kon Kinsarvik

Sj , m rkret sigrar aldri over lyset

Sj , m rkret sigrar aldri over lyset.

Lat h pets flamme skine, sterk og klar!

For enno kjempar nokon for det gode, og enno deler nokon det dei har.

Sj , freden lever i den gode striden, s  reis deg opp og kjemp for andres rett!

*Då skal du aldri frykte mørkers makter,
det er i mørkret flammene blir sett.*

*Iblant vil striden stele dine krefter,
du kjenner sorga over tap og svik,
du trur at alt du gav, har gjort deg fattig,
men i din fattigdom er du blitt rik.*

*Eit mørker kviler enno over jorda,
men born av lyset finst det overalt.
Sjå, nokon opnar døra for ein flyktning,
og nokon reiser opp ein venn som fall.*


*Kvar finst det brød til alle folk i verda
om ikkje du vil dele med din bror?
Vi pustar alle i den same lufta,
og lever på den same vesle jord.*

*Må ingen lenger hegne om sitt eige!
Må dei som herskar, ofre alt for fred!
Må dei som trur dei kjempar heilt åleine,
få sjå kor mange fleire som er med.*

*Sjå, Verdas Lys rir inn i våre gater.
No stig ein song om fridom i vår by,
høyr, også vi vil vere born av lyset
og tenne håpet: Jorda skal bli ny!*

Tekst/melodi: Sindre Skeie (2012)
Omsetjing til nynorsk: Jan Ove Ulstein
(2013)

Samtalegudsteneste 18.02.



På Oskeonsdag 18. februar var det samtalegudsteneste i Gulen kyrkje,

der konfirmantane deltok på ulike måtar. Då markerte vi starten på fastetida fram mot påske.



Oskeonsdag har sidan 900-talet markert inngangen til fastetida. I gudstenesta vart det teikna eit kors av oske i panna til dei som ønskte det. Dette er eit teikn på ettertanke og omvending – og ei påminning om livet si sårbarheit og vegen mot påska. Dette er ein tradisjon som i vår kyrkje har fått ein ny renessanse dei siste åra.

Konfirmasjonsgudstenester 2026

Byrknes bedehuskapell:
laurdag 25. april kl. 11.00.

Gulen kyrkje:
laurdag 2. mai kl. 11.00.

Brekke kyrkje:
laurdag 9. mai kl. 11.00.

I år vert det ikkje kunngjering av namna på konfirmantane i kyrkjelydsbladet før konfirmasjonane.

Grunnen er lovgjevinga kring person-

vern, som også gjeld for Den norske kyrkja. I rettleinga som gjeld publisering av namn på døypte, konfirmerte eller nygifte i papirutgåve eller på nettside, står følgjande:

«Opplysninger om at en person planlegger å delta i en kirkelig handling, som for eksempel innskriving til konfirmasjon, er taushetsbelagt etter forvaltningsloven jf. Kirkeordningen § 42 og personopplysningsloven. For gjennomførte handlinger i en offentlig gudstjeneste hvor handlingen dermed er offentlig kjent, gjelder dette ikke. Det må likevel være anledning til å reservere seg mot at navnet på vedkommende publiseres.»
Forutsett samtykke frå heile konfirmantgruppa, vil bilete teke på kyrkjetrappa bli publiserte i neste nummer av kyrkjelydsbladet.

Årsmelding for Gulen kyrkjelege råd og fellesråd 2025

*VISJON: Meir himmel på jorda.
Den norske kyrkja er ei vedkjennande, open, tenande, og misjonerande folkekyrkje som vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og von i Jesus Kristus.*

Meir himmel på jorda

Året som har gått, har vore på det jamne, med kyrkjelege handlingar, gudstenester, ulike tilstelningar og arrangement. Med Håkon Kinsarvik som sokneprest og Åse Haugen som

trusopplærer, har vi fått til eit godt samarbeid både med barnehagane og skulane, med skulegudstenester og besøk i kyrkjene. Kyrkja har ein viktig plass i samfunnet, og samarbeidet med ulike aktørar er godt. Kyrkja skal forkynne evangeiet til menneske gjennom heile livet, og slik møte menneske i ulike livsfasar. Samtidig skal kyrkja fremje verdier som utfordrar og byggjer eit godt samfunn for alle.

Med ei uroleg verd der vi kan tape håpet om fred og forsoning av syne, er det endå viktigare å bygge gode og trygge lokalsamfunn. Vi kan alle bidra på kvar vår måte, og slik vere med på å oppfylle visjonen om meir himmel på jorda sjølv i ei uroleg verd. Kyrkja er der livet vert levd, både no og i framtida.

Ingunn Sognnes, kyrkjevevjerje

Råd og utval

Det har vore 6 møte i Gulen kyrkjelege råd/fellesråd, og det er til saman handsama 33 saker.

Junimøtet blei kombinert med sommaravslutning for stab og råd, der prost Helge Taranrød også deltok. I år var vi i Byrknes bedehuskapell, med god servering og samtale om arbeidet.

Det har blitt ein god rutine at nokre av møta blir lagde utanom kommunehuset, slik at dei som sit i rådet, blir godt kjende i alle sokna med tilhøyrande kyrkjer og gravplassar.

I år har det vore synfaring og møte i

Borgstova og i Gulen kyrkje. Det er oppnemnt eit AU (arbeidsutval) som består av leiar, nestleiar, prest og kyrkjeverje. AU blir i hovudsak brukt til kontakt via mail, med utveksling av synspunkt og orientering om spørsmål som treng ei

rask avklaring.

Administrasjonsutvalet har vore sett saman av Bodil Bjørlo Takle, Åse Haugen og tilsettrepresentant Margrethe Skåden.

Det har ikkje vore møte i utvalet i 2025.

Medlemar og vara i Gulen kyrkjelege råd og fellesråd 2025:

Sokn	Medlem	Vara
Brekke	Bodil Bjørlo Takle Jan Helge Kristensen	Johnny Leidvin Langvatn Renate Sætre Line Sætre
Gulen	Åse Haugen Magny Eggum Berg	Odd Harald Eide Halvor Langeseth Brosvik Sigrun Haveland
Mjømna	Anne Kristine Evjenth Ytreøy Mina Catrin Dahl Andreassen	Sølvi-Ann Oddekalv Bente Iren Haugen Erene Oddrun Wilberg
Geistleg repr.	Håkon Kinsarvik	Bjørn Magne Hansen
Kommunal repr. i GKF	Nils Inge Ynnesdal	Ingolf Wergeland

Av dei faste, folkevalde medlemane i rådet er det 17 % menn og 83 % kvinner.

Tilsette i Gulen kyrkjelege fellesråd

Tilsette	Stilling	Storleik
Ingunn Sognnes	Kyrkjeverje	80 %
Margrethe Skåden	Kontorfullmektig	40 %
Peter T. Jobbagy	Organist	60 %
Åse Haugen	Trusopplærar	25 %
Astrid Øie Tveit	Kyrkjjetenar Gulen	17 %
Randi Trædal	Kyrkjjetenar Brekke	14 %

Ingolf Wergeland har teke på seg jobben som kyrkjjetenar på Mjømna på timebasis, men ynskjer ikkje å gå inn i ei fast stilling. Når Ingolf ikkje har hatt høve, har det heldigvis løyst seg med frivillige som har teke på seg denne tenesta.

Frå 01.01. har Åse Haugen vore tilsett

som trusopplærar.

Maren Daae Eide og Eirik Halsnes har blitt innleigde etter avtale på timebasis med inntil 10 % til konfirmantararbeidet. Konfirmantkullet på 10 blei konfirmerte våren 2025, medan nytt kull på 25 konfirmantar starta opp hausten 2025.

I staben er det 6 personar med totalt 2,36 årsverk, fordelt på 5 kvinner og 1 mann.

I tillegg kjem soknepreststillinga på 100 %, der Håkon Kinsarvik har hatt sitt første heile år i Gulen.

Det har ikkje vore sjukmeldingar

ut over arbeidsgjevarperioden. Klokkartenestene i Brekke, Gulen og Mjømna blir utførte av frivillige.



Gudstenester og kyrkjelege seremoniar

Sokn	Tal gudstenester totalt	Tal fram-møtte	Snitt pr. gudsteneste	Tal konfir-merte	Tal døypte	Vig-sler	Grav-ferder
Mjømna	18 19, 21	695 817, 810	38 39, 42	2 4, 3	5 2, 5	1 2, 2	4 8, 9
Gulen	25 25, 25	1531 1809, 1357	61 72, 54	6 13, 8	11 7, 13	1 1, 2	13 13, 10
Brekke	17 17, 21	810 776, 975	47 45, 46	2 5, 6	4 6, 5	0 3, 0	11 6, 6

Tal for 2025 øvst. Linja under gjeld 2024 og 2023. Talet på fram møtte i Gulen sokn i 2024 er høgt på bakgrunn av landslovjubileet.

Trusopplæring frå 0-13 år

I år har me hatt ein auke i aktivitetar innan trusopplæring for aldersgruppa 0-13 år.

Me starta året med Kyrkjeklubb i samband med planleggingsdag for skule og barnehage, ein aktivitetsdag med samhald og tilhøyrgheit i fokus. Det blei både påskevandring og julevandring i dei tre sokna, med totalt 7 besøk fordelte på kyrkjer, bedehus og barnehagar. Der det var lang reiseveg til kyrkja, fekk barnehagen besøk.

Trusopplæringstiltaket Tårnagent vart gjennomført i Mjømna kyrkje, og Lys vaken i Gulen kyrkje. Lys vaken var utan overnatting, men deltakarane var aktivt med i Lys vakengudstenesta på

søndag. Det blei arrangert Laurdagsgraut med aktivitetar i Gulen kyrkje, oppe for alle, med god deltaking. Hausttakkefest med utdeling av 2-, 4- og 6-årsbok vart gjennomført i alle tre kyrkjene.

Alle 6-åringar som er registrerte i medlemsregisteret i kyrkja, får eitt års abonnement på søndagsskulebladet Barnas tilsendt i posten.

Konfirmantarbeidet

Våren 2025

Det var 10 konfirmantar fordelte på dei tre sokna: to i Mjømna, seks i Gulen og to i Brekke. Dei var med på fasteaksjonen, konfirmantfestivalen i Knarvik og leir saman med konfir-

mantane i Masfjorden og Solund. Konfirmantåret vart avslutta med tre fine konfirmasjonsgudstenester.

Hausten 2025

Konfirmantarbeidet i Gulen har vore prega av eit variert og innhaldsrikt program. Konfirmantane har delteke på gudstenester, undervisning, sosiale samlingar og refleksjonsgrupper.

Dette året har vi hatt 25 konfirmantar fordelt slik: Ein i Mjømna, ni i Brekke og femten i Gulen sokn.

Leiarane Maren Daae Eide og Eirik Halsnes har vore sentrale i gjennomføringa av opplegget. Deira engasjement, erfaring og innsats har vore avgjerande, og vi set stor pris på arbeidet dei har lagt ned.

Soknepresten har vore med i både planlegging og gjennomføring, medan foreldra har bidrege som støttespelarar – anten med mat, vakthald eller transport. Deira innsats har vore til stor hjelp, og vi rettar ei varm takk til dei.

I november var det fellesdag i kyrkja saman med konfirmantar frå Solund og Masfjorden. Det var ein dag fylt med fellesskap, undervisning og leik. I samarbeid med gravferdsbyråa som oftast deltek ved gravferder i kommunen, fekk konfirmantane innsikt i tema som død, gravferd og sorg. Takk til Nordhordland Begravelsesbyrå og Vatne Begravelsesbyrå.

Gjennom eit samarbeid mellom frivilligsentralen, helsesjukepleiarane og kyrkja har ein hatt temakveldar om mellom anna rus, lovverk og grenser. Foreldregruppa var også invitert til

felles samtale om rus og grense-setjing.



På lysmessa første søndag i advent deltok konfirmantane aktivt med lys-tenning, forbøn, tekstlesing og andre oppgåver. Det vart ei høgtideleg markering der vi vart minte om lyset som er sterkare enn mørkret.

Sokna

Gulen sokneutval v/Sigrun Haveland

Vi har hatt berre to møte i 2025.

Vi har delteke på fasteaksjonen saman med konfirmantane, og på dugnad på kyrkjegarden.

Søndagsskulen hadde vi ein gong per månad i første halvdel av året, men kom ikkje i gang att etter sommarferien, av ulike grunnar.

Vi har delteke på presten sin andakt på eldresenteret med kaffi og kaker, og har opplevd det veldig positivt.

Vi har òg delteke på Åse Haugen sine dåpsopplæringsdagar i kyrkja.

Mjømna sokneutval v/Anne Evjenth Ytreøy

I 2025 hadde Mjømna sokneutvalg 7 møter, derav tre planleggingsmøter i forbindelse med ulike arrangement.

Medlemmene i sokneutvalget er, på omgang, kirkeverter, der vi ønsker velkommen til kirken, deler ut diverse program og salmebøker ved behov.

Vi inviterer til kirkekaffe med hjemmebakst ved alle gudstjenestene. Representanter fra sokneutvalget deltar på månedlige eldretreff på Byrknes bo- og omsorgssenter sammen med «sulepresten» Bjørn Magne Hansen. På eldretreffene er det andakt, kaffe med hjemmebakst, tid til en koselig pratetund og et populært åresalg.

Medlem i sokneutvalget bidrar i ulike oppgaver i forbindelse med den årlige eldreturen i samarbeid med Solund frivilligsentral og sokneprest Bjørn Magne Hansen i Solund. I april var det tid for dugnad i og ved kirken.

I kirken ble det vasket, støvsuget og ryddet. Gravplassen ble ryddet for bl.a. gjenglemte gravlys og kranser. Kirkebakken, rullestolinngangene og trappen ble kostet fri for sand og grus. 8. mai var det fredsgudstjeneste i samarbeid med Bjørn West-gruppen. Det var under gudstjenesten musikalske innslag av ukrainske beboere i kommunen, kransепåleggelse på minnestøtten for oppstart av Bjørn West og på gravminnet etter Konrad Byrknes (en lokal krigshelt).

Det ble arrangert en solidaritetskonsert for Ukraina 15. oktober; denne også i samarbeid med Bjørn West-gruppen. Det var musikalske innslag av lokale ukrainere og deltagere fra Gulen, Solund og Masfjorden. Billetinntektene gikk til

hjelpearbeid i Ukraina. Det var kransenedleggelse på minnestøtten for Bjørn West.

Også i 2025 arrangerte sokneutvalget høstfest for beboere i soknet. Dette som en takk for bl.a. dugnadsarbeid og ellers støtte til Mjømna kirke. Som alltid ble det servert koldtbord med et påfølgende kakebord.

14. desember var det julekonsert med Austrheim songlag.

Medlemmer av sokneutvalget har ellers deltatt på ulike treff for Yngres, barnehagen m.m. Vi har også deltatt på treff for konfirmantene.

Mjømna kirke fyller 125 år i oktober 2026. I den forbindelse startet sokneutvalget en «kronerulling» for å kunne gi kirken en jubileumsgave. Ønsket er piano, evt. flygel i kirken. Dette med tanke på blant annet fremtidige kirkekonserter.

Brekke sokneutval v/Renate Sætre



Påskekvelds på Brekke bedehus.

Sokneutvalet har delteke på adventsverkstad.

Det har vore eitt møte der kyrkjeverja

deltok.

I desember blei det gitt blomar til pårørende som hadde mista ein av sine i løpet av året.

I år var konfirmantfesten på Brekke bedehus, der sokneutvalet bidrog.

I år som tidlegare var det vårdugnad på kyrkjegarden saman med bygdekvinnelaget.

Innsamlingar i sokna

Fasteaksjonen der konfirmantane og sokneutvala deltok, samla inn ca. kr 16.000 i bøssene, og med det som kom inn på Vipps, blei totalen kr 42.677. Det betyr reint vatn til 142 personar!

Ved ofring i kyrkjene kom det inn kr 27.131 til eige arbeid, og kr 63.970 overført til andre organisasjonar som blei tildelt offer.

Summane inneheld kontantar og Vipps, og Vipps aukar kvart år.



Skjærtorsdagsmåltid i Gulen kyrkje.

Kyrkjelydsarbeidet v/Håkon Kinsarvik

No har eg vore sokneprest i Gulen i over eitt år, og når eg ser attende på 2025, kjenner eg på takksemd.

Det første året handla mykje om å bli kjend – no handlar det meir om å kome i kontakt med lokalsamfunnet. Kyrkja i Gulen står støtt, med røter djupt i bygdene og med blikket retta utover.

Dette året har diakonien fått ein endå tydelegare plass. Gjennom haust, vinter og vår har vi vore på bu- og omsorgssentra om lag ein gong i månaden, med andakt, song, bøn og samtale. Besøka har vorte faste møtepunkt – rom for nærvær og verdigheit. Eg vil rette ein stor takk til dei som steller i stand med både kaker, kaffi og åresal.

Soknepresten i Solund, Bjørn Magne Hansen, har vore fast med på andaktar på eldretunet på Byrknes, medan underteikna har vore på Dalsøyra, Brekke og Eivindvik bu- og omsorgssenter, i tillegg til sjukeheimen.

Konfirmantarbeidet tek mykje tid, men det er ei glede. Vi har styrka undervisninga med meir systematisk opplegg og større rom for refleksjon og samtale.

Samarbeidet med kommune og skule er godt, og konfirmantane møter i kyrkja både i undervisning, gudstenester og i diakonalt arbeid, mellom anna gjennom besøk på bu- og omsorgssentra og gjennom faste-

aksjonen. Det er fint å sjå korleis dei veks med ansvar.

Oppslutnaden om gudstenestene er jamn og god i alle sokna. Folk kjem, - til vanlege søndagar, og til høgtider. Mange søker dåp, og det er rørende å få bera born til døypefonten i kyrkjene våre. Ein ser fleire ynskjer å ha dåp også dei sundagane det ikkje er sett opp ordinær gudsteneste.

Samarbeidet med kommunen held fram på ein god måte, ikkje minst gjennom skule- og barnehagegudstenester.

Kyrkja har framleis ein naturleg plass i lokalsamfunnet.

Det merkar eg òg i møte med sorg og gravferd. Når livet raknar, søker mange til kyrkja. Der finst det språk for både smerte og håp.

I alle sokna ser eg eit levande engasjement. Frivillige stiller opp, sokneutvala vil noko, og det er vilje til å ta ansvar.

Born og unge er framleis eit viktig satsingsområde, og det gleder meg å sjå at laurdagsgraut, kyrkjeklubb og mykje anna samlar dei unge.



Laurdagsgraut i Gulen kyrkje

Fellessamlingar og møte gjennom året

Kyrkjevevjerja har delteke på kyrkjebyggkonferanse og kurs om kyrkjebevaringsfondet i Bergen. Kyrkjevevjerja er medlem av nøkkelstadgruppa i høve kystpilegrimsleia, og har delteke på møte lokalt og fellesmøte mellom Gulen og Hyllestad. Kyrkjevevjerja og soknepresten har delteke på møte om prestenesta i samarbeidsområdet Masfjorden, Gulen og Solund.

Kyrkjevevjerjelaget i Nordhordland prosti har møte fysisk eller på teams gjennom året for å drøfte aktuelle saker. Prosten deltek som regel på desse samlingane.

Det var fysisk møte i kyrkjevevjerjelaget på Austrheim i mars, med orientering om planlegging av namna minnelund og synfaring på gravplassen.

På SOL-samling (= sammen om å lede) på Fjon var kyrkjevevjerjer og prestar samla med biskop og administrasjon.

Det har vore LIM-samling (= likestilling, inkludering og mangfald) for Nordhordland prosti på Frekhaug, der fleire frå staben deltok.

Soknepresten har delteke på kriseteam-skule, og på samarbeidsmøte med kommunen i høve kriseteamet. Soknepresten og kyrkjevevjerja har hatt møte med tilsette og frivillige i Brekke og Mjømna kyrkjer. Møtet som skulle vore i Gulen kyrkje, vart utsett til over nyåret.

Kyrkjevevjerja og leiar i fellesrådet har

hatt møte med ordførar og kommuneadministrasjonen i samband med budsjettarbeidet og økonomiplanen. Utsendingar frå sokna møtte på årsmøtet for Fjon fjellkyrkje. Fellesrådsleiar og nestleiar har møtt på samlingar i Bjørgvin for fellesråd/sokneråd.

Kyrkjer og gravplassar

Tilsyn i kyrkjene

Det blei utført brannverntilsyn i alle kyrkjene ved brannverninspektør Gjert Holtan ved NHL brann og redning. Det blei ingen pålegg, men nokre merknader. I hovudsak gjaldt det oppslag i våpenhusa om rømningsplan og skisse av bygningen, berekna tal personar i høve rømningsvegar og instruks. I etterkant heldt han kurs for tilsette og frivillige, det blei gjennomført i mars. Vi gjennomførte også opplæring i førstehjelp ved Margrethe Skåden. Kyrkjene har brannvarslingsssystem som går rett til 110-sentralen. Brannalarmen blei utløyst ved ei gudsteneste i Gulen kyrkje, og lokalt brannvern kom raskt til. Det er årleg kontroll både av sløkkjeutstyret og av brannvarslings-systemet. Vi har også avtale med eit firma om 3-årig EL-tilsyn, med eigenkontroll dei to andre åra. Merknadene som kjem fram ved tilsyn, har blitt følgde opp.

Brekke kyrkje

Det er utført ein del arbeid med det elektriske anlegget for å skifte ut

gamle leidningar og setje inn fleire stikkontaktar framme i koret for å unngå bruk av skøyteleidningar. Dette som ei oppfølging etter merknadene ved brannverninspeksjonen som blei utført i februar. På slutten av året var det synfaring i kyrkja for å kartlegge ny lyssetjing inne i kyrkja, noko som inneber nye lyskuplar, lyssetjing i koret og elles gjennomgang av alle lyskjeldene.

Gulen kyrkje

Det har til tider kome opp spørsmål og diskusjon om kva døypefont som skal brukast i kyrkja, døypefonten i tre frå 1879 eller den gamle vievannssteinen. Etter søknad frå Gulen kyrkjelege råd stadfesta biskop Ragnhild Jepsen i vedtaket at døypefonten av tre er den som skal nyttast, og at den skal stå framme i koret. Steinen som har blitt brukt som underlag for dåpsfatet tidlegare, kan unntaksvis brukast. Oppussinga av prestesakristiet har teke tid, men er no gjennomført med godt resultat. Inne i kyrkjerommet er elevarbeida frå 2016 tekne ned. Dei er overleverte til Oppdalsøyra skulemuseum. I juli fekk vi besøk av 140 pilegrimar som heldt pilegrimsgudsteneste i kyrkja. Dei kom til Sollibotn med skuleskipet Gann, og var på kystpilegrimsferd frå Stavanger til Trondheim med Nidarosdomen og Stiklestad som mål. Tor Singsaas, tidlegare biskop i Nidaros, leia gudstenesta, og det var song ved Den nasjonale pilegrimskvartetten.



Mjømna kyrkje

Hovuddøra til kyrkja er skifta ut, og ny dør kom på plass i sommar. Den er så god kopi av den gamle at det ikkje er lett å sjå at den er skifta, men no er det ingen sprekker eller gliper som slemper vinden inn.

Høgtalaranlegget hadde også sett sine beste dagar, det kom ein del klager på at lyden var dårleg. Nytt anlegg blei montert i haust, så no skal alle kunne høyre godt.

Borgstova

Opningstida i juli har vore samanfallande med opningstida til Gulen kyrkje, kl 10-18, med utvida opningstid ved førespurnad. Det er tenkt at Borgstova skal vere ein del av tilbodet for kystpilegrimar, og i samband med 20-årsmarkeringa for tusenårsstaden Gulatinget var det pilegrimsvandring og open stove.

Borgstova vert også brukt i samband med konfirmantarrangementet i kyrkja,

og kan også nyttast av andre.

Gravplassane

Det har blitt sett i gang eit omfattande arbeid for å finne pårørande til graver der vi ikkje har kontaktinformasjon til festar/pårørande. Dette for å gje pårørande høve til å feste grava dersom dei ynskjer det, eller melde frå om at grava skal slettast.

I nokre høve finn vi ikkje ut av det, og gravsteinen vil bli fjerna.

Når vi fjernar gravminnet og slettar grava, blir den frigitt til ny bruk, og difor er denne ryddejobben viktig for god drift på gravplassane.

I 2025 blei 38 graver sletta, 17 på Oppedal, 11 på Mjømna og resten fordelte på dei andre gravplassane.

Dette er graver der fredingstida er ute, og ein del av dei er svært gamle.

Økonomi

Det vert ført felles rekneskap for Gulen kyrkjelege råd og fellesrådet. Ofringar og gåver gitt i dei ulike kyrkjesokna, blir førte under tenesta anna kyrkjeleg verksemd, og det kjem fram kor mykje som er samla inn, kor mykje som går til eige arbeid eller som blir vidare sendt til organisasjonane som er tildelt kyrkjeoffera. Rekneskapan for Gulen kyrkjelege fellestråd er ført på rekneskapsavdelinga i kommunen gjennom tenestekjøpsavtalen.

Det er gitt driftstilskot frå kommunen på kr 3.239.335, og investeringstilskot på kr 300.000.

I tillegg kjem verdien av tenesteytingsavtalen på kr 541.000,

men den har ikkje resultatmessig effekt.

Samarbeidet med kommunen har vore godt, takk til alle som har bidrege til det!

Kyrkjelydsbladet har kome ut med fire nummer, og det blei som tidlegare lagt inn giro i haustutgåva.

Gåveinngangen har vore god, og det kom inn kr 66.930. Mesteparten av arbeidet blir per i dag gjort på dugnad, både med oppsett av bladet og med fordeling rundt i postkassane.

Overskotet på kr 15.594 vert sett av på fond til bladet. Driftsrekneskapen er oppgjort i balanse.

Det var budsjettert med bruk av kr 300.000 frå disposisjonsfondet, medan behovet blei på kr 25.330.

Grunnen er i hovudsak bruk av premiefond i KLP på kr 157.281 og renteinntekter på kr 103.744.

Planlagd aktivitet er gjennomført, både når det gjeld vedlikehald av bygg og anlegg, og når det gjeld kyrkjeleg aktivitet.

Investeringsrekneskapen er oppgjort med eit mindreforbruk på kr 142.948.

Det er utført restaurering av vindauge på sørsida av Gulen kyrkje, medan nordsida er utsett til 2026.

I Brekke er prosjektet med ny lyssetjing starta opp og planlagt.

Gjennomføringa kjem i 2026.

Mindreforbruket vil bli overført til investeringsfondet.

Eivindvik 03.03.2026

Bodil Bjørlo Takle, leiar GKR/GKF

Ingunn Sognnes, kyrkjeverje



Kirkens Nødhjelp fasteaksjon 2026



17.-23. mars kjem konfirmantar og frivillige rundt i Gulen og samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp.

Fasteaksjonen har bidrege til at m.a. Tsion og Gaba har fått endra livet sitt. Dei har fått tilgang til reint, rennande vatn! No kan dei fylle 20-literkannene med reint vatn på berre nokre minutt! Tidlegare måtte jentene grave med berre hendene for å finne vatn under sanden på elvebotnen. – Det tok lang tid, og vi fekk lite vatn, seier dei. Det kom òg mange kyr og drakk der, så vatnet var ureint, og mange blei sjuke. Å hente vatn her i Etiopia er kvinnene og jentene si oppgåve. Å bruke så lang tid på vasshentinga førte til at dei ofte ikkje rakk skulen, og mista verdifull undervisning. – Men no rekk vi skulen kvar dag, seier Gaba Roro.

Kirkens Nødhjelp starta arbeidet med å skaffe reint vatn her i 2025, saman med Action Development. Systemet er enkelt, men effektivt: Ei demning og ein brønn med ein vasspost. Som regel kjem det regn i to månader, så ikkje meir. Elles i året er det tørt på

overflata i elveleiet, der folk før måtte grave etter vatn under bakken.

No har dei laga ei demning, slik at når regnet kjem, stansar vatnet ved den.

Fire-fem meter unna er det bygd ein brønn som ligg lågare enn elva, og vatnet blir filtrert inn i brønnen gjennom sand og jord.

Ei handpumpe er montert på vassposten. Mikrobar blir fjerna når vatnet blir filtrert gjennom sanden, og vatnet blir klart og reint, og tilgjengeleg heile året.

No er systemet etablert, og drifta er overlata til ein lokal vasskomité. Det er svært viktig med ei forankring i lokalsamfunnet. No er demninga deira, seier lokalbefolkninga.

Til kyrkjelydar i Bjørgvin med NMS misjonsavtale

Vi ønskjer dykk spesielt velkomne til NMS sin sommarfest og generalforsamling i Bergen 25.-28.06. Dette er ein unik sjanse til å bli inspirert saman med andre engasjerte i Noreg, og høyre nytt frå misjonæra og partnarkyrkjene våre – som er til stades og bidreg sterkt med både talar, nibeltimar og seminar.

Påmelding: [Sommerfest og GF 2026](#)

Vi nemner òg at det blir eit eige seminar spesielt for dykk i kyrkjelydar med misjonsavtale om korleis få ny giv i misjonsavtalen. Sjå meir her: [NMS](#). Takk for samarbeidet om vårt felles oppdrag. Håpar vi møtest på GF!

*Torstein Fosse Misjonskonsulent
Bjørgvin NMS*

Drømmer om fredssenter for fulanifolket

Vest-Afrikamisjonær Frode Brügger Sætre minner seg selv på at han må huske å være takknemlig. Han tenker for egen del, og for oss alle, at det er så lett å fokusere på problemene, og så glemmer vi alt vi har å takke for.

- Det er mye jeg er takknemlig for.

Jeg har hatt god helse her, og det gjør at jeg kan trives og ha det bra.

Sætre er utsending for NMS blant fulanifolket. Tradisjonelt har de vært regnet som et seminomadisk folk med løse røtter over en stor del av Vest-Afrika. Men i slutten av juni kan du treffe ham på generalforsamlingen til NMS i Bergen.



Lørdag 27. er han festtaler i storstua på Scandic Hotel på Flesland. Her vil han blant annet snakke om takknemlighet. Lenge arbeidet han i Mali, men en stadig forverret sikkerhetssituasjon i landet har gjort at han har måttet flytte til Elfenbenskysten, der han nå har base nordvest i landet, en misjonsstasjon eid av Norsk Luthersk Misjonssamband. NMS-utsendingen er takknemlig for at Gud har ledet

ham til en del strategiske personer i regionen han arbeider i. – Jeg føler at jeg kan hvile i de relasjonene.

Han trekker særlig frem vennen Seydou, en fulanier som har åpnet dører for evangeliet. - Jeg ønsker at jeg sammen med Seydou eller flere andre kristne fulaniere kan bygge opp ett eller flere fredssentre for fulanifolket. Han beskriver visjonen som en fulani-plass med mye dyr, for fulanierne liker dyr. Her skal være en mulighet til å komme, en åpen dør der folk kjenner seg velkommen, enten for kortere eller lengre tid – uansett med fokus på fellesskap. Frode ønsker å leve etter Filipperne 2, vers 5-11, hvor Paulus skriver om å la Kristi sinnelag få være i oss. Frode tenker at misjonsarbeidet begynner med å stige ned. - Som misjonærer må vi gi avkall på vår egen kompetanse, sier han etter-tenksomt og understreker at de gode relasjonene er preget av gjensidighet.



En del av fulanifolket har etablert seg i de tropiske grenseområdene mot Guinea.

Frode Brügger Sætre trives sammen med fulanifolket.

Tekst og foto: Steinar Kristiansen

Gulen kyrkje og pilegrimsleia



Frå pilegrimsgudstenesta juli 2025. Foto: AT

Gulen kyrkje ligg på ein av dei viktige nøkkelstadane langs Kystpilegrimsleia. Dette ønskjer vi å løfte fram i tida som kjem, og inviterer fleire til å oppdage både historia og vandringar langs leia.

Helga 19.-21. juni set mange kursen mot Kinn og Selje. Som ein del av dette vil pilegrimsprest Einar Vegge kome til Eivindvik **fredag 19. juni**. Då vil vi gå ei pilegrimsvandring frå Sollibotn til Gulen kyrkje, før vi samlast til kveldsmesse i kyrkja, leia av soknepresten i Gulen og pilegrimspresten (sjå gudstenestelista).

Seinare på kvelden blir det eit foredrag ved Einar Vegge, kveldsmat og sosialt samvær med kulturelle innslag. Laurdag og søndag er det Kinnaspelet. Søndagen er det gudsteneste i Gulen kyrkje og i Mjømna kyrkje, der temaet vil vere å vere ein pilegrim – om tru, vandring og håp på livsvegen. Alle er hjarteleg velkomne til å vere med.

Håkon Kinsarvik

Vil du gje ei gåve til kyrkja di?

I år har vi planlagt nokre større oppgraderingsprosjekt, eitt i kvar kyrkje, som går ut over det som reknast som vanleg vedlikehald.

Mjømna kyrkje:

Nytt piano/flygel til 125-årsjubileet i november.

Gulen kyrkje:

Nytt teppe i koret og i altarpartiet. Teppet skal ha same mønster som før.



Fargane blir med raudt mønster og beige botn, som er omvendt av fargane på teppet under vievannssteinen. Teppet skal dekke kor og altar. Den raudte løparen inne i altaret blir fjerna.

Brekke kyrkje:

Utskifting av all belysning, inkludert nye lyskuplar i kyrkjerommet. Under føresetnad av godkjenning, vert dei kvite kuplane skifta ut med ny pendel, pæreforma med mønster. Alternativet er rund pendel som no, men med mønster.

Pendel under galleriet vert skifta ut med plafond.



Kvart sokn hadde med seg ein del midlar då dei i 2019 gjekk over til eit felles sokneråd, med felles føring av rekneskapen.

Desse midlane har stått på fond, og vil inngå i finansieringa av prosjekta. I tillegg blir det starta opp innsamling. Mjømna er alt godt i gang. Søknaden om nytt teppe i Gulen er godkjent av biskopen, mens vi ventar på godkjenning når det gjeld belysninga i Brekke.

Korleis gje ei gåve?

VIPPS:

Mjømna sokn: 85360, kategori piano.

Gulen sokn: 85358, kategori teppe.

Brekke sokn: 85357, kategori belysning.

INNBETALING I BANK:

Kontonr. 3817.15.51282, merk med sokn og kategori, til dømes Mjømna piano.

Vi utfordrar både enkeltpersonar og bedrifter til å bidra!



Graver som manglar festar på Mjømna gravplass

Årstalet står for utløp av fredingstid/ fornying av feste.

- 2022 Ingeborg Randal
- 2020 Oskar Martin Ånneland
- 2022 Gina Nilsine Opdahl
- 2023 Arne Kversøy
- 2022 Emma Unneland
- 2026 Rikard Emil Randal
- 2043 Martha Bergitte Randal
- 2023 Jenny Kolbeinsen
- 2023 Konrad Hilmar Kvernøy
- 2020 Ragnvald E. Mjømen
- 2020 Edvard Bertin Nappen
- 2019 Karl Solbakken Einebærholm
- 2015 Alfred Michal Bremnes
- 2018 Kristoffer Kolbeinsen Byrk-Nesøy
- 2016 Trygve Grimen
- 2010 Bertin Johansen
- 2019 Anna Helene Napsholm
- 2055 Olav Alisøy
- 1998 Sofie Martinesdr. Byrknesøy
- 1996 Berthe Johanne R. Tunsberg
- 1990 Gregorius Johnsen Bremnes
- 1989 Hans Hansson Randal
- 2017 Ingeborg Eline Ole-Johansdr. Unneland
- 2017 Ivar Ivarsson Grimen

Møtepunkt på sjukeheim, bu- og omsorgssenter

Ein onsdag i månaden tek sokneprest Håkon Kinsarvik turen rundt til Brekke, Dalsøyra og Eivindvik bu- og omsorgssenter og til Gulen sjukeheim. Dette har blitt gode møtestader der kvardagen får eit lite avbrot og rom for både alvor og glede.

Det blir halde andakt med song, ord frå Bibelen og bønn. For dei som ønskjer det, er det mogleg å ta imot nattverd på nokon av samlingane. Det viktigaste er likevel fellesskapet, å kunne møtast, lytte, dele og vere saman. Soknepresten er alltid open for ein prat, anten det handlar om trua, livet eller heilt kvardagslege ting.

Ein tysdag i månaden held sokneprest i Solund, Bjørn Magne Hansen, andakt på eldretunet på Byrknes.

Då får både bebuarar og pårørande eit kjærkome pusterom midt i veka, med ord til trøyst og styrke. Etter andakten er det alltid sosialt samvær med basar og mat.

Innimellom er konfirmantane med og bidreg. Dette set eit friskt preg på samlingane, og skaper ei god bru mellom generasjonane. Ved fleire høve har også sanitetsforeininga vore med, noko som gjer samlingane ekstra trivelege og minner oss om det store frivillige engasjementet i bygdene våre. Ønskjer du ein personleg samtale, er du velkomen til å ta direkte kontakt med sokneprest Håkon Kinsarvik på telefon 976 44 169.

Andaktsliste våren 2026

Brekke bu- og omsorgssenter:

25.03. kl. 16.00

29.04. kl. 11.00

27.05. kl. 16.00

Dalsøyra bu- og omsorgssenter:

25.03. kl. 11.00

29.04. kl. 16.00

27.05. kl. 11.00

Eivindvik bu- og omsorgssenter:

18.03. kl. 16.00

15.04. kl. 16.00

20.05. kl. 11.00

Gulen sjukeheim:

18.03. kl. 12.00

15.04. kl. 12.00

20.05. kl. 12.00

17.06. kl. 12.00

Byrknes bu- og omsorgssenter:

31.03. kl. 15.30 Påskegudsteneste
med nattverd.

28.04.

26.05.

Nytt frå kyrkjelydane

Døypte:

GULEN SOKN:

07.12.25: Matheo Gjøstein Haveland.

08.02.26: Tobias Haveland Halland.

08.02.26: Aslak Hella Eggum.

MJØMNA SOKN:

23.11.25: Magnus Joaquin Tobar-
Larsen

17.02.26: Milana Khomik

01.03.26: Elvira Ovidia Moan Osland.

01.03.26: Aksel-Alexander Giæver-
Nordanger

BREKKE SOKN:

25.01.26: Selma Ellingsen Dyrøy.

Døde:

BREKKE SOKN:

08.12.25: Hildegunn Takle, f. 1951.

25.01.26: Nelly Asheim, f. 1932.

MJØMNA SOKN:

28.02.26: Ragnhild Berentsen,
f. 1951.



Hjarteleg takk

Hjarteleg takk til alle som var til
stades ved vår mamma Nelly Asheim
si gravferd.

Takk for blomar, medkjensle og
minnegåve til Norsk Luftambulanse.

Bjørn og Venke m/familiar



Kyrkjekalenderen

15.03., 4. søndag i fastetida:

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Håkon

Kinsarvik. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.
Soknemøte.

Brekke kyrkje kl. 16.00 v/Håkon

Kinsarvik. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.
Soknemøte.

22.03.: Ikkje gudsteneste.

29.03., Palmesøndag:

Byrknes bedehus kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Alværa Misjons-senter.

02.04., Skjærtorsdag:

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Gudsteneste med måltid. Offer: Kirkens bymisjon Bergen.

03.04., Langfredag:

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Ikkje offer.

05.04., Påskedag:

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: NMS.

Brekke kyrkje kl. 19.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: NMS. Måltid på bedehuset etter gudstenesta.

12.04., Ikkje gudsteneste.

19.04., 3. søndag i påsketida:

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: NMS. Soknemøte.

Gulen kyrkje kl. 16.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Fjon fjellkyrkje.

Laurdag 25.04., Konfirmasjon

Byrknes bedehus kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

Laurdag 02.05., Konfirmasjon

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

Fredag 08.05, Frigjeringsdagen

Mjømna kyrkje kl. 17.00 v/Håkon Kinsarvik. Fredsgudsteneste. Offer: Støttegruppa for Ukraina, Masfjorden.

Laurdag 09.05.: Konfirmasjon

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

17.05.: Ikkje gudsteneste.

24.05., Pinsedag:

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Søndagsskuleforbundet.

Brekke, Naustet til Næss, kl. 15.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Fjon fjellkyrkje.

25.05., 2. pinsedag:

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Fjon fjellkyrkje.

31.05., Treeiningssøndag:

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Bjørn Magne Hansen. Offer: Alværa misjons-senter.

07.06., Ikkje gudsteneste.

14.06.: 3. søndag i treeiningstida:

Brekke/Breidvikstølen v/Håkon Kinsarvik. Oppmøtetid kl. 11.00. på parkeringsplassen i Breidvika. Gudsteneste når me er framme.

Gulen kyrkje kl. 18.00: Konsert: «Dag for dag» v/Jon Martin Skauge.

Fredag 19.06: Pilegrimsvandring frå Sollibotn til Eivindvik, kveldsmesse i

Gulen kyrkje kl. 19.00 v/Håkon Kinsarvik og Einar Vegge.

21.06., 4. søndag i treeiningstida:

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Håkon Kinsarvik.

Gulen kyrkje kl 16.00 v/Håkon Kinsarvik. Offer: Søndagsskuleforbundet.